

**Kva er å regne som tortur etter straffelovens §117a samanligna med
Den europeiske menneskerettighetskonvensjonens artikkel 3.**

Kandidatnr: 187913

Antall ord: 11185

Veileder: Erling Johannes Husabø

Kva er å regne som tortur etter straffelovens §117a samanligna med Den europeiske menneskerettighetskonvensjons artikkel 3.

1. Innledning

For dei aller fleste vil omgrepet tortur mane fram bilder om grusomme handlingar foretatt enten på stadar vi helst ikkje vil identifisere oss med eller handlingar gjort i ei mørk fortid kor mennesket ikkje visste bedre. Denne oppfatninga er uheldigvis ikkje i tråd med korleis virklegheita er og eit av måla med denne oppgåva er å få fram at også mindre bestialske handlingar enn det ein først tenker seg kan være å ansjå som tortur.

Tortur er noko vi som samfunn ønsker å ha bevegdd oss forbi. Men avsløringar frå den såkalla krigen mot terror¹ og behandlinga av fangane på Guantanamo bay viser at tortur stadig er eit aktuelt problem. I følge Amnesty international var det i 2013 heile 112 land som nytta tortur i ei eller anna form.²

At tortur er noko som vi i Noreg absolutt ikkje kan akseptere kom til uttrykk allereide i den gamle grunnlova. I den tidligare grunnlovas §96 andre setning står det at «*pinligt forhør maa ikke finde sted*». Allereide her markera loven at den tar avstand frå tortur, faktisk har eit forbod mot tortur vært å ansjå som så viktig at det har fått innpass i grunnloven.

Noko som er desto tydligare i den nye grunnloven kor det blir sagt i §93 andre ledd at «*ingen må utsettes for tortur eller annen umenneskelig eller nedverdiggende behandling eller straff*». Ordlyden tilsvarar i hovudsak den norske oversettelsen av Emk art.3 og dette betyr at den i teorien har fått grunnlovs rang.

Men dette er ikkje nok sidan det før 2004 mangla heilt nokon øvrig bestemmelse i loven som i det heile tatt nevnte tortur då det vart ansett som tilstrekkelig at den øvrige straffeloven fanga opp slike tilfeller.

1.1 Den europeiske menneskerettighetskonvensjons artikkel 3.

Noreg innkorporerte i 1999 den europeiske menneskerettskonvensjonen av 1953 som norsk lov med rang over norsk lov men med rang under grunnloven. Av konvensjonens 3. kan ein lese at «*No one shall be subjected to torture or to inhuman or degrading treatment or punishment*». , og det framgår vidare i EMK at forbodet mot tortur er absolutt og ufravikelig.

Artikkelen har to alternative vilkår.

Ein har det snevre vilkåret «torture» som befinn seg i midten av artikkelen og ein har alternativet «inhuman or degrading..» som er yttertilfella som ikkje kan klassifiserast som tortur men som samtidig er graverande nok til å falle under art.3.

Konvensjonen artikkel 15. punkt 2 opnar for at det i lovlige krigssituasjonar er lovlig å ta liv men at artikkel 3 er ikkje derogabel. Med dette meinast det at det å torturere sjølv i krigssituasjonar, som ledd i kampen mot terror eller organisert kriminalitet er absolutt forbode og det eksisterar ingen situasjonar kor det kan tenkjast at unntak kan være tillatt. Sjølv ikkje om nasjonen sin eksistens står på spel. Dettte viser klart at det å ta liv blir sett på som eit nødvendig onde som ubønnehørlig vil og

1 Human rights watch: The Road to Abu Ghraib, Reed Brody, Juni 2004, <http://www.hrw.org/sites/default/files/reports/usa0604.pdf>

2 Amnesty international sitt årlige faktaskjema om brotsverk mot menneskeheita, 2013, http://files.amnesty.org/air13/fnf_air_2013_en.pdf

kanskje må oppstå i ein krigssituasjon, medan tortur absolutt ikkje er akseptabelt, uavhengig av kva omstender som måtte være til stades.

Å innkorporere EMK på denne måten avhjelp problemet som oppstår ved å ikkje ha nokon eigen lov som eksplisitt forbyr tortur. Loven viser no klart at tortur er forbudt og at det ikkje eksisterer nokon unntak frå denne regelen.

Problemet som reiser seg no er at det i loven fortsatt ikkje eksisterte ein klår definisjon av kva som meinast med tortur. Emk art3 viser berre at tortur i alle former er ulovlige, men gir ingen veiledning på kva som meinast med tortur . Den konstanterar berre eit forbud utan å utbrodere nærare detaljar om kva som ligg i begrepet. Kven er gjerningsmannen er, kva handlingar kvalifiserar som tortur med meir. Dessutan sett Emk kun krav til styresmaktene og ein kan ikkje straffa borgarane i Noreg etter Emk. Riktignok kunne straffeloven forøvrig fange opp behandling som er å regne som tortur slik som legemsbeskadigelse, truslar også bortetter, men dette oppfyller ikkje kravet i fns torturkonvensjon om å ha ein nasjonal straffebestemmelse som direkte fangar opp tortur.

For å avhjelpe dette problemet fikk straffeloven paragraf 117a som definerar begrepet tortur og som gjer at ein kan bli utsatt for straff.

2. Problemstilling.

Hovudspørsmålet er kva som er å regne som tortur etter straffelovens 117a samanligna med emk art3.

Denne oppgåva søker ved en gjennomgang av §117a å klarlegge innholdet av bestemmelsen, særlig korvidt omgrepet tortur i §117a kun fell inn under den snevre definisjonen av tortur i art.3 eller om dømer som i art.3 er regna som «inhuman or degrading» også vil være å ansjå som tortur etter §117a slik at paragrafen fangar opp heile art. 3. Grunnen til at eg vel å samanligne med Emk art. 3 er at så og sei alle statane i Europa har ratifisert konvensjonen samt at det finnes ein rikholdig rettspraksis frå Emd som omhandlar tortur.

Sidan bestemmelsen er såpass ny finnes ikkje noko relevant nasjonal rettspraksis så problemstillinga vil bli belyst ved å nytte rettspraksis frå den Europeiske menneskerettsdomstolen.

2.1 straffeloven §117a

Den 25 juni 2004 fekk straffeloven ein ny paragraf §117a som er eit eget straffebod mot tortur.

Bakgrunnen for dette var mellom anna at Noreg hadde blitt kritisert av Fns torturkomite for å ikkje ha eit eget straffebod som eksplisitt forbyr tortur og som ei heller samsvarer med definisjonen av tortur i fns torturkonvensjon av 1987³ sin artikkel 1⁴.

Departementet meinte at det ville sende eit uheldig signal internasjonalt om Noreg ikkje etterfulgte torturkomiteens anbefalingar og at det å ha eit eget straffebod som er i tråd med definisjonen i torturkonvensjonens art.1 er å markere eit klart standpunkt om at tortur i alle sine former er uakseptabelt.⁵

3 Convention against torture and other cruel inhuman or degrading treatment or punishment ,1987 (Fns torturkonvensjon), 1984, <http://www.ohchr.org/EN/ProfessionalInterest/Pages/CAT.aspx>

4 Ot.prp.nr.59 (2003-2004) s. 38 punkt 7.2.1

5 Ot.prp.nr.59 (2003-2004) s. 38 punkt 7.2.1

Eit eget straffebod mot tortur som samsvarer med konvensjonens definisjon av begrepet vil være velegna til å oppfylle kravet i art.2.1 kor det heiter at «Each State Party shall take effective legislative, administrative, judicial or other measures to prevent acts of torture in any territory under its jurisdiction.»

2.2 straffelovens§117a, første ledd.

Det vart på grunnlag av dette utarbeida ein ny §117a til straffeloven som skulle tilsvare torturkonvensjonens artikkel 1.

I torturkonvensjonens art 4 framkjem det krav om at «1. *Each State Party shall ensure that all acts of torture are offences under its criminal law. [...] 2. Each State Party shall make these offences punishable by appropriate penalties which take into account their grave nature*»

Det blei bestemt at strafferamma for tortur burde være tilsvarande strafferamma for forsettlig betyddig legemsskade.⁶ Årsaken var i at dei faktiske handlingane som utgjer tortur vil bli ramma av §§ 228 og 229 om legemskrenkelsar⁷. Følgelig fikk §117a første ledd om strafferamma ordlyden:

«Den som begår tortur, straffes med fengsel i inntil 15 år. Ved grov og alvorlig tortur med døden til følge, kan fengsel inntil 21 år anvendes. Medvirkning straffes på samme måte[...].»

3.Fns torturkonvensjon

I torturkonvensjonens artikkel 1. er torturbegrepet definert som ”*any act by which severe pain or suffering, whether physical or mental, is intentionally inflicted on a person for such purposes as obtaining from him or a third person information or a confession (...)* when such pain or suffering is inflicted by or at the instigation of or with the consent or acquiescence of a public official or other person acting in an official capacity. It does not include pain or suffering arising only from, inherent in or incidental to lawful sanctions.”

Det er å regne som tortur når ein offentlig tjenestemann eller nokon som handlar på vegne av det offentlige med vilje foretar ei handling som er egna til å påføre «severe pain or suffering» hos ein person være seg fysisk eller psykisk for å framskaffe informasjon eller ei tilståing eller for å avstraffe eller nedverdige personen.

Definisjonen av torturbegrepet er begrensa til konvensjonen sjølv men det er alminnelig antatt at den har generell gyldigheit⁸. Det vil sei at den forståelsen som blir lagt til grunn av tortur begrepet her i art 1 også må antakast at skal leggst til grunn andre stadar som til dømes i Emk art.3. Artikkell 3 fastslår berre at ingen kan utsettast for tortur, men den gir ingen veiledning utover dette. Difor må det antas at det er definisjonen av tortur her i konvensjonens art. 1 som er veiledande. Det vil sei at dei krav som stillast til at noko kan kallast tortur etter konvensjonens art.1 også er det som er gjeldande for Emk art3.

Vernet etter art.1 er retta mot alvorlige overgrep frå det offentlige si side. Og vernet mot tortur er absolutt. I artikkell 2.2 framkjem det at «*No exceptional circumstances whatsoever, whether a state of war or a threat or war, internal political instability or any other public emergency, may be*

6 Ot.prp.nr.59 (2003-2004) s. 42 punkt 7.3.2

7 Spesiell strafferett og formuesforbrytelsene- Johs. Andenæs, 2008, s.102

8 Rettstat og menneskerettigheter- Jørgen Aall, 2004, s.168

invoked as a justification of torture».

Det eksisterar med andre ord ingen situasjon eller omstender som er alvorlige nok til å rettferdiggjere bruken av tortur. Emk gir utrykk for samme ufravikeligheit frå forbodet mot tortur, men den strekk seg noko vidare når den velg å la heile artikkel 3 være ufravikelig, då den artikkelen og fangar opp behandling som i torturkonvensjonen ikkje hadde blitt regna som tortur. Slik behandling som fell utanfor tortur er regulert i torturkonvensjonens artikkel 16.

Det heiter i artikkel 16.1 at «Each State Party shall undertake to prevent in any territory under its jurisdiction other acts of cruel, inhuman or degrading treatment or punishment which do not amount to torture as defined in article 1 when such acts are committed by or at the instigation of or with the consent or acquiescence of a public official or other person acting in an official capacity.».

Denne artikkelen har ikkje det samme sterke vernet som artikkel 1. Medan konvensjonen sjølv fastslår at artikkel 1 er ufravikelig så er det ikkje eksplisitt uttalt at art.16 er ufravikelig.

Ei direkte oversetting av artikkel 1 vart ansett å bli for språklig kronglete. Spesielt låg problemet i begrepet «suffering». Dette er eit begrep som er subjektivt og vil variere frå kvar einskild person sin oppfatning, smertegrense og psykiske ressursar eller motstandskraft. Det vart difor bestemt at omgrepet «skade» var meir passande då det er lettare å avklare det objektive innholdet av omgrepet.

4. Straffeloven §117a andre ledd.

Tortur blir definert i §117a andre ledd som:

«Med tortur menes at en offentlig tjenestemann påfører en annen person skade eller alvorlig fysisk eller psykisk smerte»

Vidare viser bokstavane a-c i kva situasjonar eller etter kva forsett smerten eller skaden må være påført for å kvalifisere som tortur etter §117a. ,og desse er som følger:

- a) med forsett om å oppnå opplysninger eller en tilståelse,*
- b) med forsett om å avstraffe, true, eller tvinge noen, eller*
- c) på grunn av personens trosbekjennelse, rase, hudfarge, kjønn, homofil legning, leveform eller orientering eller nasjonale eller etniske opprinnelse.»*

Ein ser at bestemmelsen sett krav til subjektivt forsett. Handlingane må påførast med «forsett» for å oppnå eller framkalle visse følger. Det er altså snakk om at den skuldige både må ha hatt eit hovudforsett om å påføre smerte eller skade samt hatt eit meit vidgåande forsett om å oppnå resultat som gitt i bokstavane a og b. I alternativ c er det i staden krav om at vedkomande som utfører handlingane må ha ein bakomforliggende motivasjon, slik at handlingane blir utført på bakgrunn av dette.

Ordlyden samsvarar ikkje direkte med ordlyden i art.1 direkte oversett, men den representerar språklig sett likt innhold og vil såleis være i tråd med definisjonen av tortur i art.1.

Kva som meinast med offentlig tjenestemann i bestemmelsen framkjem i tredje ledd. Ein offentlig tjenestemann er enten den som a) *«utøver offentlig myndighet på vegne av stat eller kommune»*, eller b) *«utfører tjeneste eller arbeid som stat eller kommune i medhold av lov eller forskrift skal oppnevne noen for å utføre eller helt eller delvis skal betale for.»*

Siste avsnitt av bestemmelsen viser at det ikkje er eit krav om at vedkomande som utfører handlinga skal være tilsett i det offentlige for at handlinga skal kvalifisere som tortur. Det framkjem at «*Det regnes også som tortur at handlinger som nevnt i annet ledd, begås av en person som handler etter oppfordring eller med uttrykkelig eller underforstått samtykke fra en offentlig tjenestemann.*».

Med andre ord kan bestemmelsen og få anvendelse for andre enn offentlige tjenestemenn så lenge desse opptrer på oppfordring eller med samtykke frå offentlig tjenestemann.

Det kan ved første augnekast sjå ut som om §117a har samme forståelse av torturbegrepet som det som framkjem i art.1. Dette betyr ikkje at den ikkje kan favne vidare, då det framkjem i art.1.2 at «*This article is without prejudice to any international instrument or national legislation which does or may contain provisions of wider application.*».

Altså sett ikkje torturkonvensjonen noko hinder for å ha nasjonal lovgivning som vil ramme tilfeller av overgrep som ikkje passar inn under konvensjonens definisjon av tortur.

Problemstillinga som melder seg då blir med andre ord å avgjere kor vide rammer §117a faktisk har for torturbegrepet og om §117a har vidare eller smalare rammer for begrepet tortur enn kva som er tilfellet i torturkonvensjonens artikkel 1 og i Emk art 3.

5. Skyldkravet.

Straffelovens §40 seier at den som har handla uten forsett ikkje kan straffast med mindre dette eksplisitt er sagt i det aktuelle straffebedet.

Av bestemmelsens andre ledd framgår det at gjerningspersonen må ha påført den alvorlige smerten eller skaden med forsett om å oppnå eit at formåla som følger i bestemmelsens bokstavar a og b eller med den bakomforligande motivasjon som framkjem av bokstav c.

Det er med andre ord krav om subjektivt overskudd. Gjerningsmannen må ha både eit forsett om å påføre offeret skade eller smerte. Men det er samtidig krav om eit vidare forsett, altså må den skaden eller smerta som vedkomande forsettlig har påført offeret tjene til å oppfylle det overordna forsettet som er å oppnå dei konsekvensar eller følgjer som bokstavane a-c statuerar.

Det er ikkje regne som tortur om tjenestemannen påfører forsettlig smerte eller alvorlig fysisk eller psykisk smerte på grunnlag av rein primitiv sadisme. Behandlinga må være gjort med eit vidare forsett om å oppnå noko. Til dømes ei tilståing etter a.) eller å avstraffe nokon etter b.)

Den offentlige tjenestemannen må med andre ord med vitande og vilje ha påført skade eller alvorlig smerte med den hensikt å oppnå eit gitt resultat. Om ein tjenestemann kjem i skade for å miste ein kopp kaffe i fanget på ein mistenkt vil denne openbart bli påført alvorlig smerte, og sannsynligvis også skade, men då det manglar forsett vil ikkje dømet bli rubrisert som tortur etter §117a, då han verken har forsett om å skade fornærma og det ei heller tjener til noko hensikt.

Likt blir dømet om fornærma har uvanlig låg smerteterskel. Det kan tenkast at vedkomande må ha på seg ei form for handjern eller lignande under avhøret og at han opplever det å ha dette rundt handledda som ekstremt smertefullt sjølv om dette for ein normal person ikkje er det.

Det er ikkje her utvist noko forsett fra den offentlige tjenestemann si side om å påføre alvorlig

smerte med mindre han var klar over at fornærma hadde usedvanlig låg terskel for smerte og visste at dette var smertefult for fornærma.

Om den offentlige tjenestemannen med vilje freistar å påføre alvorlig smerte for å oppnå eit gitt resultat, men den fornærma har usedvanlig høg smerteterskel vil ikkje kravet om at vedkomande skal ha blitt påført «sterk smerte» være oppfylt og gjerningsmannen kan i høgden straffast for forsøk etter §117a.

Om fornærma rett og slett ikkje hadde nokon opplysningar å gi kan gjerningsmannen likevel bli straffa for tortur. Det er ikkje eit krav om at gjerningsmannen skal få oppfylt sitt forsett, det er nok at han hadde eit vidare forsett om å få informasjon. Kor vidt han faktisk får den er irrelevant.

6. Skade.

Det første spørsmålet blir difor kva som ligg i omgrepet «skade» i bestemmelsens andre ledd.

Som tidligare nevnt vil det å ein påføre ein legemsskade under tortur allereide bli fanga opp av straffelovens generelle bestemmelsar om legemskader. Med andre ord vil det være nærliggande å tru at begrepet «skade» skal forstås på samme måte som i straffeloven ellers. Dette synspunktet kjem og fram i Matningsdal sin kommentar til paragrafen på rettsdata kor han skriv at «*«Skade» skal forstås på samme måte som i § 229 om legemsbeskadigelse*»⁹

Bestemmelsen gjer forskjell mellom «skade» og psykisk og fysisk smerte.

Det må difor definerast nærare kva som ligg i omgrepet fysisk «skade» for at det skal klassifiserast som tortur.

Ein fysisk «skade» vil typisk være ein fysisk forstyrrelse av kroppen som er av eit visst omfang og alvorlighetsgrad. Ei forbigåande ulempe som til dømes eit lite blåmerke en kul eller ei rift vil ikkje falle under «skade» då dette har karakter av å være meir forbigåande bagatellmessige ubehag.

Det må ein meir alvorlig forstyrrelse til. Eit djupt kutt som etterlet eit arr vil klart være ei skade. Vidare vil eit kvart beinbrot klart kvalifisere som «skade» og knivstikk som er djupare enn eit overfladisk rift vil klart være ei «skade». Det samme blir tilfellet om ein gjerningsmann stumpar sigarettar eller tømmer kokande vatn over fornærma.

Det er ikkje eit krav om at skaden skal være alvorlig så einkvar inngripen i legemet som medfører meir enn berre forbigåande ulempe må karakteriserast som «skade». Det er ingen alvorlig «skade» å få eit grunt kutt med ein kniv over kinnet, men då det vil ta noko tid før skaden er lega og det mest sannsynlig vil medføre eit skjemmande arr vil også eit slikt kutt være ei «skade».

Andenæs skriv at begrepet «skade» skal forstås «på samme måten som i strl. §229 om legemsbeskadigelse,[..]»¹⁰, og den samme forståelsen av begrepet kjem fram i forarbeida¹¹ samt kommentarane til straffeloven på rettsdata.

Omgrepet «skade» og omgrepa alvorlig fysisk eller psykisk smerte er satt opp som alternativ. Når

⁹ Magnus Matningsdal sine lovkommentarar til straffeloven, rettsdata.no. Note 961, <http://abo.rettsdata.no/browse.aspx?grid=52203&subdocumentid=0009&sDest=gL19020522z2D10z2EzA7117A>

¹⁰ Spesiell Strafferett og formuesforbrytelsene, - Johs. Andenæs, 2008 s 99.

¹¹ Ot.prp.nr.59 (2003-2004) s. 56, punkt 10.1

ein vel å separere skade og smerte ved ordet «eller» så tilseier det at det i bedømmelsen av om noko er ei «skade» ikkje får noko betydning av korvidt det offeret har blitt påført smerte eller ei.

I forarbeida visast til eit hypotetisk eksempel kor ein torturist gjer sitt offer blind ved å lyse inn i augene med ein laser¹². Det er klart at dette ikkje er smertefullt for offeret då dette er omtrent samme prosess som blir brukt i kontrollerte former ved laserkorrigering av syn, men skaden ein blir påført kan i verste tilfelle være livsvarige og er klart å regne som ei «skade» etter §117a.

Av forarbeida har ein at straffebodet er eit skadelikt. Det er difor krav om at skaden faktisk har blitt påført vedkomande for at paragrafen skal komme til anvendelse. Om ingen skade har oppstådd kan ein berre bli straffa for forsøk.

6.1 Layijov saka.

I saka Layijov v. Azerbaijan¹³ frå 2014 blei ein mann mistenkt for å være narkotikaselgar. Politiet hadde i denne saka tilnærma seg den fornærma i sivile kler og dradd han ut av sin bil. Dei satte så i gang med å sparke og slå den fornærma mens han låg på bakken. Deretter vart vedkomande slått hardt over nakken med ein slags batong korpå vedkomande svimte av. Når mannen kom til seg sjølv befant han seg i ein bil i bevegelse. Han merka at ein politimann freista å plassere noko i lommen hans og då han protesterte fikk han eit slag på kroppen og eit hardt slag mot hovudet frå kolben av ein pistol korpå han igjen mista medvita.

I legerapportar vart det påvist eit stort blåmerke i nakken på fornærma og at dette var indikativt på mishandling. Til dette må det nevnast at eit blåmerke vanligvis ikkje vil felle under omgrepet «skade» i norsk rett, men om blåmerket har eit stort omfang kan det likevel falle under skadebegrepet¹⁴. Og i dette tilfellet var blåmerket svært stort.

Emd kom i denne saka fram til at ei slik behandling frå politiet si side var eit klart brot på art. 3. men at den ikkje var å regne inn under det snevrare begrepet «torture», men under «inhuman or degrading punishment» Behandlinga ville nok etter §117a blitt klassifisert som ei skade og difor tortur all den tid vedkomande blei påført eit stort blåmerke i nakken.

Dette viser at det under vår lovgiving skal mindre til enn kva tilfellet er for emk art. 3 for at ei skade skal være å rekne som tortur. Med andre ord kan det peike i retning av at §117a sin forståelse av tortur fangar opp heile emk art.3, slik at det som etter artikkel 3 reknast som umenneskelig behandling hos oss er å regne som tortur. Det blir med andre ord ein lågare terskel for kva behandling ein kan utsette nokon for før det er å regne som tortur etter §117a.

7. Alvorlig fysisk smerte.

Det neste som må takast stilling til er vilkåret om «alvorlig fysisk smerte».

Det framstår som klart at det hadde blitt for snevert om §117a kun fanga opp tilfella kor ein offentlig tjenestemann har påført eit offer ei «skade». Ein del torturmetodar er designa for å påføre offeret mest mogleg smerte utan å faktisk skade offeret.

12 Ot.prp.nr.59 (2003-2004) s. 44, punkt 7.3.4

13 Layijov v. Azerbaijan, 2014. ,[http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/Pages/search.aspx#{"fulltext":\["beating"\],"documentcollectionid2":\["GRANDCHAMBER","CHAMBER"\],"itemid":\["001-142306"\]}](http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/Pages/search.aspx#{)

14 Magnus Matningdal sine lovkommentarar til straffeloven, rettsdata.no. Note 1907, <http://abo.rettsdata.no/browse.aspx?sDest=gN19020522z2D10z2E1907>

Det mest openbare eksempelet er å føre straum gjennom kroppen. Alt ettersom kor sterk straum det er tale om vil ikkje dette være skadelig, men det finnes ingen tvil om at det er smertefullt. Eit anna eksempel vil være å sprute pepperspray i augene på fornærma eller utsette dei for tåregass. Alt etter som kor god ventilasjonen er vil desse tiltaka ikkje være skadelig, men det er klart at dette for mange er svært smertefullt.

Art.1 i Fns torturkonvensjon likestiller difor «severe pain» med det vidare «suffering» for å fange opp metodar som er smertefulle men ikkje skadlige. I §117a har valt samme oppbygging ved å likestille «skade» med «alvorlig fysisk smerte»

Ein må difor fastslå kva som ligg i omgrepet «alvorlig fysisk smerte».

Når det er satt krav til at smerten må være alvorlig vil det antyde at smerten må overskride ein viss terskel.

Ein kan tenke seg at ein politimann i ein avhørssituasjon gir ein mistenkt eit slag med opa hand i anletet. Alle som har opplevd dette kan bevitne at slaget i seg sjølv er smertefullt, men det kan neppe karakteriserast som ein alvorlig smerte sjølv om enkelte kan ha ein så lav smerteterskel at det opplevast som svært smertefullt.

I forarbeida vert det sagt at ved vurderinga av kor alvorlig smerten er så må det leggst vekt på intensiteten og varigheten til smerten. Om smerten er svært intens til dømes om ein får eit kort men svært kraftig elektrisk støt i kroppen er varigheten kort, men smerten høg. Dette vil følgelig falle inn under «alvorlig smerte». Likeins blir tilfellet om det blir påført ein smerte av ein lavare intensitet over eit langt tidsrom. For eksempel om ein i timesvis blir plassert i eit rom som er så trangt at det ikkje er plass til å legge seg ned eller sette seg, mens det samtidig er så lågt under taket at ein ikkje kan rette ut ryggen. Kravet til smertens intensitet er i dette tilfelle lågare, då den i utgangspunktet ikkje er så intens, men det må fortsatt være smerter av ein viss styrke.

7.1 Uk v Ireland

I Uk v Ireland¹⁵ fra 1978 tok den Europeiske Menneskerettsdomstolen stilling til om behandlinga irske IRA-medlemmer hadde blitt utsatt for i britiske fengsel falt under umenneskelig eller nedverdiande behandling eller under tortur etter EMK art.3¹⁶

I den saken blei irske soldatar utsatt for 5 ulike metodar som gikk utanfor det som kan regnast for å være standard avhøyr. Blandt anna måtte fangane stå i ein såkalla stressposisjon i periodar som kunne vare opp i mot fleire timar med fingertuppene mot veggen og beina eit godt stykke bak slik at vedkomande vart tvinga til å stå på tærne og all kroppsvekta blei såleis fordelt på fingre og tær.¹⁷

Denne metoden er berre ein av fleire, men det er einaste av dei som direkte kan tenkast å falle under begrepet «fysisk smerte» og difor vil kun denne bli nevnt foreløbig.

I utgangspunktet kan det sjå ut som om denne behandlinga ikkje vil kunne oppfylle vilkåret «alvorlig smerte» i §117a. Å stå på fingre og tær på denne måten er ikkje særlig smertefullt i seg sjølv, men kravet til intensiteten på smerten vil være lågare etterkvart som varigheita auka. Om ein står i ei slik stresstilling over lenger tid kan dette føre til slitasje på ledd og musklar og i ytterste

15 UK v Ireland saken, [http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-57506#{"itemid":\["001-57506"\]}](http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-57506#{)

16 <http://websir.lovddata.no/pva.uib.no/cgi-lex/wiftsok?bas=nl&emne1=menneskerett&button=S%F8k&sok=fast>

17 Uk V Ireland saken [http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-57506#{"itemid":\["001-57506"\]}](http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-57506#{), avsnitt 96, bokstav a.

konsekvens kan det også medføre at ledda blir skada.

Emd kom derimot til at bruken av denne teknikken «*undoubtedly amounted to inhuman and degrading treatment, [..], they did not occasion suffering of the particular intensity and cruelty implied by the word torture as so understood*»¹⁸.

Riktignok er denne uttalelsen basert på bruken av teknikkane i felleskap, men det er kun stressposisjonen som kunne medføre nokon fysisk smerte.

Domstolen kom fram til at denne typen behandling ikkje falt under definisjonen av tortur etter EMK art.3 i snever forstand men at det falt under det vidare vilkåret «inhuman or degrading». Då det framkjem i forarbeida til §117a at kravet til smertens intensitet blir minka når varigheiten auker kan dette trekke i retning av at denne behandlinga hadde klassifisert til tortur etter §117a.

Dette synspunktet kjem også fram i Aall¹⁹ kor han skriv at framgangsmåten i nord-irland saken i dag ville blitt sett på som tortur. Dette synspunktet kjem og fram om i nyare praksis frå Emd til dømes Selmoundi saken som vil bli gjennomgått seinare i framstillinga.

8. Alvorlig psykisk smerte.

Det kan og tenkast situasjonar kor eit offer ikkje blir påført fysiske inngrep i det heile tatt, men likevel blir behandla på ein slik måte at det kan klassifiserast som tortur. Difor har både Art.1 i torturkonvensjonen og straffelovens §117a sidestilt alvorlig psykisk smerte med alvorlig fysisk smerte.

Psykisk smerte er i sin natur ikkje enkelt å i kvantifisere. Det vil bero på den einskilde person sin mentale motstandskraft og personlighet. Det som for ein person kan oppfattast som nærast ein bagatell kan for andre være det mest angstframkallande i verden.

Det må difor klarleggast kva som ligg i omgrepet «alvorlig psykisk smerte»

I torturkonvensjonens art.1 siste setning framkjem det at smerte eller lidelse som er eit resultat av «lawful sanctions» ikkje skal innebefattast i kva som er å regne for tortur etter bestemmelsen. Det psykiske ubehaget må med andre ord være meir enn det stresset som naturleg vil følge av å bli avhøyr.

Som nevnt må ein sjå på smertens intensitet og varigheit for å avgjere om det er tale om ein alvorlig fysisk smerte. Dette talar for at den samme vurderinga må foretakast for å vurdere alvorsgraden av psykisk smerte. Det er klart at det kan være skremmande om ein politimann i ein avhøyrssituasjon plutselig brøler ein mistenkt opp i fjeset men det er klart at det ikkje er nok til å være alvorlig psykisk smerte.

Av forarbeida blir alvorlig psykisk smerte eksemplifisert ved at ein gjerningsmann held eit offer sitt born ut av eit vindu med trugslar om å sleppe det²⁰. Dette tyder på at det i allefall må være tale om ein eksepsjonelt skremmande situasjon før det er tale om alvorlig psykisk smerte. Slik smerte kan framkallast på ei rekke måtar. Ein kan til dømes gi den fornærma eit sterkt sentralstimulerande middel slik at vedkomande får fryktelige men forbigåande hallusinasjonar eller får opplever kraftig

18 UK v Ireland saken [http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-57506#{"itemid":\["001-57506"\]}](http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-57506#{) avsnitt 167.

19 Rettstat og menneskerettigheter- Jørgen Aall, 2004, s.174

20 Ot.prp.nr.59 (2003-2004) s. 69

angst når effekten av middelet avtar.

Vidare vil det å forsettlig spele på ein person sine fobiar kunne klassifiserast som å påføre «alvorlig psykisk smerte». Om ein til dømes henger ein person med kraftig høgdeskrekk over rekkverket frå ein høg altan er dette klart egna til å påføre «alvorlig psykisk smerte». Det er klart at dette sett ingen fysiske spor på offeret men det kan sette alvorlige psykiske spor.

Ein annan metode som er godt egna for å påføre sterk frykt er waterboarding. Waterboarding vil sei at ein trer ei hette over hovudet på offeret og bindar det fast på eit bord med føtene i ein heva vinkel. Deretter heller ein vatn over munnen og nasa på vedkomande.

Denne metoden vart testa av den Britiske forfattaren Christopher Hitchens i ein artikkel for magasinet Vanity Fair²¹. Han beskriv opplevelsen som «*You feel that you are drowning because you are drowning—or, rather, being drowned, albeit slowly and under controlled conditions and at the mercy (or otherwise) of those who are applying the pressure.*».

Han forklarar vidare at han ikkje vart påført nokon fysisk smerte eller skade av behandlinga men at han måtte kjempe hardt mot både panikkanfall og sin brekningsrefleks. Og at han var klar til å svare på ka enn spørsmål vedkomande som utførte behandlinga måtte ha. Kva angår etterfølgande effekt av behandlinga skriv han at «*I have since woken up trying to push the bedcovers off my face, and if I do anything that makes me short of breath I find myself clawing at the air with a horrible sensation of smothering and claustrophobia*».

8.1 Irland vs Uk

I Irland vs Uk saken var dei øvrige metodane å dekke til hovudet med ei mørk hette mellom avhøyra, nekte tilstrekkelig søvn, avspeling av ein konstant fresande lyd i eit lukka rom mellom avhøyra og sist gi dei pågripne ein redusert diett kor det ikkje vart gitt nok mat og drikke.

Ingen av disse eksempela vil være skremmande nok til å kunne falle under «alvorlig psykisk smerte» om dei blir gjort som eingangstilfeller utan nokon systematikk. Dei fleste mennesker vil fint kunne tole å ha ei hette over hovudet eller bli holdt vaken ei natt til dømes.

Det som er utslagsgivande vil være varigheten. I denne saka vart dei pågripne i ein periode mellom den 11-17 august 1978 systematisk utsatt for desse metodane for å frambringe informasjon om mistenkte terroranslag.

Når metodane blir brukt over lenger tid på denne måten er dei velegna for å bryte ned den psykiske motstandskraften hos mennesker. Resultatet av framgangsmåte er eit slåande vitnesbyrd på effektiviteten. Det lukkast å avklare identiteten til 700 IRA medlemar samt at dei identifiserte gjerningsmennene bak 85 ulike brotsverk som tidligare var uoppklarte²².

Som nevnt kom domstolen til at desse metodane ikkje var å ansjå som tortur etter Emk. Art. 3 men falt under umenneskelig behandling etter den bestemmelsen.

21 Hitchens, Christopher (August 2008) Believe Me, It's Torture Vanity Fair.
<http://www.vanityfair.com/politics/features/2008/08/hitchens200808>

22 UK v Ireland saken, [http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-57506#{"itemid":\["001-57506"\]}](http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-57506#{) avsnitt 98.

Også Gäfken saken²³ av 2010 som eg skal gå nærare inn på seinare kom Emd til at det ikkje var tale om tortur. I denne saka blei Magnus Gäfken utsatt for truslar om tortur frå politiet si side. Truslane opplevdes av mistenkte som såpass nærliggande og realistiske at han oppgav den informasjonen som vart søkt skaffa til vege etter berre 10 minutt. Domstolen meinte at slike truslar sjølv om kortvarige, var klart å regne som umenneskelig behandling men ikkje tortur.

Antagelig ville behandling som i Gafgen saken og som Nord-Irland bli klassifisert som tortur etter §117a. Dei individuelle psykiske påkjenningane i nord-irland var av ei relativt låg intensitet, men når behandlinga strekk seg utover nesten ei veke vil ein gradvis bli desillusjonerte og vil sannsynligvis oppleve betraktelig angst over å bli frårøva grunnleggande menneskelige behov samt at sansane blir frårøva ein ved bruk av støy og hette. Dessutan vart trusselbiletet i Gafgen saken oppfatta av vedkomande som så realistisk at hans motstandskraft vart brote hurtig ned.

I saken Selmouni v France frå 1999 uttalar Emd at *«the Convention is a “living instrument which must be interpreted in the light of present-day conditions”»*.

Dette betyr at forståinga av Emk art.3 ikkje er skrive i stein. Emk skal tolkast i lys av si samtid og forholda som til ei kvar tid er gjeldande. Sidan artikkel 3 i si heilheit skal tolkast på denne måten så betyr det at innholdet av begrepet «torture» er dynamisk og også vil endre seg i takt med dei kulturelle og sosiale normene ellers. Nord-Irland saken er frå 1978 og dei fem teknikkane som vart nytta der falt ikkje under begrepet «torture» etter art. 3 men under «inhuman or degrading treatment». Sjølv om dette ikkje vart sett på som tortur så representerar dei stadig eit brot på emk art.3 og bruken av teknikkane er såleis absolutt forbode.

At desse 5 teknikkane ikkje er å regne som tortur etter emk art. 3 hadde neppe blitt tilfellet om den samme saka var oppe den dag i dag.

Emd uttalar i selmouni-saken at behandling som mellom anna i Nord-Irland saken er *«acts which were classified in the past as “inhuman and degrading treatment” as opposed to “torture” could be classified differently in future²⁴»*.

Det blir vidare påpeika at det i nyare tid har blitt satt eit sterkare krav på menneskerettar og det krevast ein høgare standard på behandlinga av mennesker i fangenskap no til dags slik at behandling som i Nord-Irland no formodligvis hadde falt under «torture» etter emk art.3 og også vært klassifisert som tortur etter §117a.

8.2 Selmouni saken

I saken Selmouni v France²⁵ var faktum at ein Mr Selmouni vart pågripen for å være mottagar av eit kilo heroin.

Selmouni vart over eit tidspunkt på fleire dagar systematisk slått og sparka over store delar av kroppen. Det vart i legerapportar påvist openbar fysisk mishadling som hadde satt klare spor på kroppen. Denne behandlinga vart han utsatt for slik at han skulle inrømme at han var mottagar av partiet heroin.

På eit tidspunkt blei Selmouni med kraft dradd inn på eit rom korpå politet tente på to blåselampar

23 Gäfken saken, 2010 , http://www.redress.org/downloads/casework/Gafgen_Brief_finalJan09.pdf

24 Case of Selmouni V France 1999, avsnitt 101 [http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-58287#{"itemid":\["001-58287"\]}](http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-58287#{)

25 Selmouni saken 1999 , [http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-58287#{"itemid":\["001-58287"\]}](http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-58287#{)

og sa at dei kom til å bruke dei på han om han ikkje inrømte forholdet. Dei to tente blåselampene blei deretter plassert ein meter frå Selmouni sine bare føtter, og han vart stadig slått mens lampene stod i loge. Etter dette vart det henta fram ei sprøyte og det kom trugsmål om å sette ein ukjent injeksjon i blodet på han. I motsetning til Gäfken saken kom Emd her til at trugslar om tortur ikkje berre var «inhuman or degrading» men faktisk å ansjå som tortur. Då slike truslar var velegna til å bryte ned eit menneske. Eit slåande eksempel er Gafgen saken, kor den som vart utsatt for trusselen braut saman etter ti minutt når han vart trua med å bli påført tortur.

Det er klart at ikkje vilkåret «alvorlig psykisk smerte» etter §117a kan tolkast såpass snevert at det kun fangar opp skremmande opplevsar. Det må og innfortolkast at opplevsar som ikkje er direkte skremmande, men som oppfatast som nedverdiggande, skamfulle eller direkte flaue og er å forstå som «alvorlig psykisk smerte». Grunnen til dette er at om ein vel å la behandling som kun er nedverdiggande og flaue falle utanfor så vil ikkje desse nyte noko anna vern enn det som følg ellers av straffeloven. Det vil være dårlig samanheng i loven om ein offentlig tjenestemann kan sleppe unna å bli tiltalt for tortur med å krenke menneskeverdet på det grovste om dette blir gjort på ein måte som kun kan oppfattast som nedverdiggande. Dessutan er heile formålet med Fns torturkonvenjon å forby både tortur og nedverdiggande behandling eller straff.

I tillegg til openbar fysiske mishandlinga vart Selmouni på eit tidspunkt truga til å knele foran ein av politibetjentane. Politmannen fortsatte med å ta fram sin penis korpå Selmouni vart kommandert til å utføre oralsex på politmannen. Når han nekta å utføre oralsex på politmannen svarte denne med å urinere på Selmouni på opprording av dei øvrige politimennene.

Å få ein penis trykt opp mot leppene med påfølgande kommando om å suge den kan ikkje utan vidare bli klassifisert som direkte skremmande, men det framstår som klart at dette er særdeles nedverdiggande for offeret.

Det er ei kjennsgjerning at ofre for seksuelle overgrep først og framst har ei enorm skamfølelse ovanfor det som har skjedd. Slike overtredningar av den seksuelle integriteten hos eit menneske får vedkomande til å føle seg liten og makteslaus.

I dommen uttalar Emd at det «*..in some cases, the sex, age and state of health of the victim, etc*»²⁶ vil spele ei rolle for å avgjere korvidt det er tale om eit brot på emk art.3.

Selmouni fikk ein annan mann sin penis pressa nesten opp i leppene. For ein stor del av den mannlige befolkninga vil voldtukt av eit medlem av samme kjønn opplevast som ekstra ydmjukande og nedverdiggande. Det eksisterar eit visst sosialt tabu over det at ein mann skal bli voldtatt generelt, og særskilt voldtatt av ein annan mann og såleis vil skamfølelsen og følelsen av å være makteslaus ovanfor overgriparane bli forsterka.

Vidare urinerte ein polititjenestemann over kroppen til Selmouni etter kraftig oppfordring frå dei øvrige som var til stades. Seksuelle overgrep er traumatisk nok i seg sjølv, men det vil opplevast som desto meir nedverdiggande om det skjer til fri beskuelse av fleire. Dessutan er det å bli urinert på ekstra nedverdiggande uavhengig av situasjonen forøvrig. Det markerar at gjerningspersonane ser på offeret som noko mindre enn eit menneske, som eit objekt som fritt kan nyttast som eit toalett og som ikkje er verdig den respekt ein gir til eit medmenneske.

Slik behandling vil bryte ned den psykiske motstandskraften til eit menneske naturleg har, ved at det

²⁶ Selmouni saken 1999, avsnitt 100 [http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-58287#{"itemid":\["001-58287"\]}](http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-58287#{) .

føler seg som eit objekt som fritt kan brukast slik det passar seg for overgriparane. Det er klart at under slike forhold kan ein få seg til å inrømme svært graverande ting i håp om å gjenfinne noko av sit menneskeverd. Hitchens sei i sin artikkel at han var villig til å inrømme kva det skulle være i rein takknemligheit for at hans waterboarding var over²⁷. Følgelig kan det sluttast at ein kan få seg til å svare på det meste for å få slutt på nedverdiggande behandling.

Emd uttalar kring handlingar som dette at «*the Court is bound to observe that they would be heinous and humiliating for anyone, irrespective of their condition*» i avsnitt 103.

Dette betyr i klartekst at behandling som dette vil være grotesk og nedverdiggande for alle uavhengig av deira lodd i livet. Altså det er universelt nedverdiggande handlingar som ikkje på nokon måte kan forsonast med eit respekt for menneskeverdet.

I avsnitt 105 i dommen uttalast det at «*Under these circumstances, the Court is satisfied that the physical and mental violence, considered as a whole, committed against the applicant's person caused "severe" pain and suffering and was particularly serious and cruel. Such conduct must be regarded as acts of torture for the purposes of Article 3 of the Convention*».

Ein ser ut ifrå dette at Emd har klassifisert behandlinga som selmouni vart utsatt for som tortur etter emk art.3 utan å levne rom for noko tvil.

Det som er verdt å legge merke til er at det er behandlinga «*conidered as a whole*». Dei har med andre ord vektlagt både den fysiske og psykiske mishandlinga som einheit for å kunne avgjere korvidt selmouni hadde blitt utsatt for tortur eller ei.

At dei har valgt denne framgangsmåten har ein samanheng med at artikkel 3 opererar med to forskjellige vilkår og at det ikkje alltid er like klårt kor eit gitt tilfelle skal havne. Dette kan tyde på at om vedkomande kun hadde blitt utsatt for den psykiske smerten så hadde det kanskje ikkje blitt kategorisert som tortur, men som «inhuman» etter art.3 og likeins om det kun var tale om skade eller fysisk smerte.

Den norske §117a operar kun med omgrepet «tortur» og har ikkje eit mildare alternativ slik som tilfellet er i artikkel 3.

Det blir difor nærliggande å tru at slike seksuelle overgrep og nedverdiggande handlingar som urinering fell under vilkåret «sterk psykisk smerte» etter §117a og følgelig tortur, sjølv om det samme ikkje nødvendigvis er tilfellet etter artikkel 3.

8.3 Oppsummering

Av forarbeida framgår det at om ein person blir påført både fysisk og psykisk smerte så blir det den samla påførte smerta som avgjer korvidt smerten er alvorlig eller ei²⁸. Dette betyr ikkje at det er eit krav om at begge formane for smerte skal være påført ein fornærma for at det er å regne som tortur etter §117a.

Det som synes å være hovudforskjellen mellom den norske §117a og Emk artikkel 3 er at det i førstenevnte ikkje blir skilt mellom tortur og nedverdiggande eller umenneskelig behandling slik som tilfellet er i Emk artikkel 3. Det kan difor sjå ut som om den norske straffeloven har ein lågare terskel på kva som er å regne som tortur. Det kan sjå ut som om at alle former for påført smerte eller

27 Hitchens, Christopher (August 2008) Believe Me, It's Torture Vanity Fair.
<http://www.vanityfair.com/politics/features/2008/08/hitchens200808>

28 Ot.prp.nr.59 (2003-2004),s 56 punkt 10.1 <http://lovdata.no/pro/#document/PROP/forarbeid/otprp-59-200304?from=NL/lov/1902-05-22-10/§117a>

skade som omfattast av Emk artikkel 3 også vil omfattast av straffelovens §117a. Behandling som blir klassifisert som «torture» etter emk art 3 fell opanbart innanfor §117a. Også behandling som kun vil oppfylle tillegsvilkåra «inhuman or degrading» etter art. 3 vil bli fanga opp av §117a sidan den ikkje operar med tilsvarande skille.

Dette betyr ikkje at §117a har ein lågare terskel for å bli anvendt enn kva tilfellet er med artikkel 3.

9 §117. andre ledd, bokstav a-c.

Når ein har klargjort kva type behandling som etter §117a kan klassifiserast som tortur må det neste steget være å klargjere kva *grunnar* som ligg bak slik behandling for at den blir å regne som tortur. For at det skal være å regne som tortur etter §117a må behandlinga ha blitt gjort forsettlig med eit vidare forsett om å oppnå eit ønska etterfølgande resultat etter bokstavane a og b og med ein bakomliggende motivasjon etter c. Det stilles med andre ord mellom anna krav om subjektivt overskudd. Desse resultatata framkjem av §117a andre avsnitt i bokstavane a-c

9.2 Bokstav a.)

I §117a andre avsnitt bokstav a.) framkjem det at skaden eller den alvorlige psykiske eller fysiske smerten må ha vært frambringa «*med forsett om å oppnå opplysninger eller en tilståelse*». Dette svarar til ordlyden i torturkonvensjonens art i «*Such purposes as obtaining from him or a third person information or a confession*». Det som skil seg er i blant anna at det i §117a ikkje er gjort eit skille mellom offeret og tredjeperson.

Etter forarbeida²⁹ har ein at det ikkje får nokon konsekvens om det er tredjeperson eller offeret sjølv som skal entan komme med ei tilståelse eller med opplysningar. Vidare har det i utforminga av §117a blitt valgt omgrepet «forsett» framfor den direkte norske oversettelsen av omgrepet «purpose» som på norsk blir formål. Grunnlaget er at om ein velg begrepet «forsett» framfor formål så vil det stemme overens med den øvrige terminologien i straffeloven.

Med andre ord vil det ikkje være tortur etter §117a om ein polititjenestemann heilt utan mål og meining påfører eit offer til dømes ei skade. Thenestemannen har nok her forsett om å skade vedkomanda, men dette er ikkje nok til at tilfellet vil falle inn under §117a. Det vil antageligvis bli klassifisert som legemsbeskadigelse og vil felle under straffeloven forøvrig.

Skaden må være påført forsettlig med vidarerekkande forsett om å oppnå opplysningar eller ein tilståelse ut av han eller tredjeperson.

Eksempelvis i Salmoundi saken kor vedkomande vart torturert slik at han skulle tilstå at han var mottakar av heroin. Polititjenestemannene påførte her Salmoundi skader og smerter forsettlig, men det var ikkje utan mål og meining. Dei hadde eit vidaregåande forsett om å få opplysningane om heroinen. Det samme forsettet er tilfellet også i Gafgen saken kor offentlige tjenestemenn forsettlig trua med å nytte tortur med det vidarerekkande forsett å få opplysningar ut av vedkomande på kor eit kidnappa born befant seg.

9.3 Bokstav b.)

29 Ot.prp.nr.59 (2003-2004),s 56 punkt 10.1 <http://lovdata.no/pro/#document/PROP/forarbeid/otprp-59-200304?from=NL/lov/1902-05-22-10/§117a>

Etter §117a andre avsnitt bokstav b.) har ein vidare at behandlinga må ha blitt påført «*med forsett om å avstraffe, true, eller tvinge noen*». Dette tilsvarar ordlyden i artikkel 1 «*punishing him for an act he or a third person has committed or is suspected of having committed, or intimidating or coercing him*». Det er heller ikkje her foretatt eit skille mellom offeret og tredjeperson i då dette ikkje vart ansett som nødvendig.

9.3.1 Avstraffe

Av forarbeida framgår det at omgrepet «avstraffe» skal bety alle formar for represalier eller gjengjeldelsar og det er ikkje begrensa til omgrepet «straff» i straffeloven og at det ikkje er noko krav at offeret må ha gjort seg skuldig i noko brotsverk. Omgrepet «avstraffe» er valgt nettop for å poengtere dette. Om ein direkte hadde oversatt «punish» til «straffe» kunne dette lede publikum til å tru at det var tale om straff etter straffeloven. Paragrafen kjem likevel til anvendelse om smerten eller skaden er påført som følge av at offeret har gjort seg skuldig i eit brotsverk etter straffeloven.

Det er nok at den offentlige tjenestemannen påfører vedkomande skade eller alvorlig fysisk smerte fordre at han eller ho har innparkert ein polititjenestebil eller forulempa ein personlig venn av den offentlige tjenestemannen.

Det er ikkje tilstrekkelig at den fornærma opplever handlinga som straff. Då det er krav om forsett for at paragrafen skal komme til anvendelse så må den offentlige tjenestemannen være bevisst på at han foretar den forsettlige handlinga for å oppnå sitt vidare forsett som er å avstraffe. Om ein polititjenestemann havnar i ein situasjon kor til dømes ein person har tatt livet av fleire menneske men er openbart utilregnelig, eller om ein tjenestemann med vissheit veit at ein mistenkt har gjort seg skuldig i seksuelle overgrep men bevis manglar og tjenestemannen knuser forsettlig kneskåla på vedkomande med det klare gjennomtenkte vidare forsettet om å avstraffe er vilkåret «avstraffe» oppfylt.

Handlingar i rein affekt fell utanfor då forsett manglar. Noko som og framkjem i forarbeida. Om ein mistenkt kjem med ein fargerik kommentar om tjenestemannen sin livspartner eller spyttar tjenestemannen i fjeset og denne blir så sint at han instinktivt deler ut eit slag slik at nasa på vedkomande knekk er dette ikkje å «avstraffe» då tjenestemannen ikkje her har eit gjennomtenkt resonnement om å avstraffe og dette heller ikkje var forsettet bak handlinga³⁰. Det kan fort bli eit spørsmål om korvidt det er tale om avstraffing etter bokstav b eller om det er diskriminering etter bokstav c. Om ein offentlig tjenestemann til dømes føler han skal straffe ein homofil voldtekttsmann for at denne har begått ei rekke overgrep mot menn så kan dette falle under både bokstaven b då det er ei slags straff, men ein kan like godt anvende bokstav c på tilfellet all den tid det er snakk om tortur på bakgrunn av legning.

9.3.2 True

Omgrepet «true» skal i følge forarbeida forstås likt som i straffelovens³¹ §227. Etter §227 heiter det at den som med ord eller handling truar med noko straffbart kan straffast. Trusselen eller handlinga må være «*skikket til at fremkalde alvorlig Frygt...*» .

Det er vel ikkje omstridt å hevde at det å enten bli trua med, eller faktisk bli utsatt for tortur er noko av det mest skremmande som eit normalt menneske kan tenke seg.

30 Ot.prp.nr.59 (2003-2004), punkt 10.1 s 57.1 <http://lovdata.no/pro/#document/PROP/forarbeid/otprp-59-200304?from=NL/lov/1902-05-22-10/§117a>

31 Ot.prp.nr.59 (2003-2004), punkt 10.1 s 57 <http://abo.retsdata.no/browse.aspx?grid=1059&subdocumentid=0000&sDest=gOTPRP2003z2F04z2D059z5F3z5F1794>

Mi forståing av bokstav b er at den er meint å fange opp dei tilfeller kor tortur blir brukt som eit instrument for å skremme eit offer utan noko anna forsett enn å etabelere dominans og vise kven som er den sterke part.

Som tidligare nevnt må ein offentlig tjenestemann forsettlig utsette eit offer for smerte eller ei skade med eit vidare forsett om å oppnå eit etterfølgande gitt resultat. Gjerningsmannen vil kva angår det å «true» ha eit forsett om å utføre torturhandlingane, men vedkomande manglar heilt eit overordna forsett opp å oppnå noke. Det som kjennetegnar dei øvrige vilkåra i bokstav b er at den forsettlige torturen blir brukt som ledd for at ein ønska effekt eller reaksjon skal oppstå i ettertid. True er som nevnt å framkalle alvorlig frykt der og då om ein reaksjon eller ei handling som kjem på eit etterfølgande tidspunkt. Det kan synes at å nytte tortur som eit middel for å true ikkje gir nokon meining då det som vil være etterfølgande er at torturen sluttar.

9.3.2 Tvinge.

Omgrepet «tvinge» skal forstås likt som i straffelovens §222. Den seier at det er tvang om ein begår ei rettstridig handling for å få nokon til å gjere, tåle eller å unlate noko eller om ein truar med å begå ei rettstridig handling.

Denne bokstaven er meint å fange opp tilfeller kor det blir anvendt tortur frå det offentlige for å påverke eit offer i ei retning. Ein kan til dømes tenke seg ein situasjon kor ein offentlig tjenestemann har begått eit alvorlig brotsverk i tenesta og entan forsettlig torturerar eller truar med å torturere eit vitne for å syte for at dette ikkje røper noko av handlingane tjenestemannen har gjort. Eventuelt kan det tenkast kor ein offentlig tjenestemann vil påverke ein person til å stemme i ei bestemt retning i eit val. Han kan då bruke truslar om å torturere til dømes ektemaken til ein person som og såleis sikre stemme i ønska retning. Også her må tjenestemannen forsettlig påføre offeret smerte eller skade for å oppnå det overordna forsettet han har om å tvinge nokon til å handle på ein bestemt måte.

9.4 Bokstav c

Bokstav c.) rammar dei forhold kor ein offentlig tjenestemann har begått tortur på grunnlag av nokon sin «*trosbekjennelse, rase, hudfarge, kjønn, homofil legning, leveform eller orientering eller nasjonale eller etniske opprinnelse.*» og samsvarar med artikkel 1 sin «*discrimination of any kind*». Omgrepet «discrimination» blei vurdert slik at det var for uklart å fastslå kor vid rekkevidde diskriminering har. Det vart difor valt å ramse opp dei mest praktiske og vanlige formane for diskriminering.

Forskjellen fra bokstav a og b er at det ikkje her er tale om subjektivt overskudd. Tortur etter c vil ikkje være eit virkemiddel for å oppnå eit vidare forsett. I c er det kun tale om å nytte tortur «på grunn av» ein person sine ibuande egenskapar. For eksempel om ein person blir utsatt for tortur utan anna grunn enn at vedkomande er av japansk avstamming.

Forarbeida syner at bokstav c bygger på tilsvarande formulering i straffelovens §135a om diskriminering.

10. Den offentlige tjenestemann.

Det framkjem av §117a siste ledd kva som meinast med ein offentlig tjenestemann. Tredje ledd seier at ein offentlig tjenestemann er ein kvar som entan a.) «*utøver offentlig myndighet på vegne av*

stat eller kommune eller» b.) «utfører tjeneste eller arbeid som stat eller kommune i medhold av lov eller forskrift skal oppnevne noen for å utføre eller helt eller delvis skal betale for.»

Det er ikkje etter dette heilt klårt kven som faktisk er å regne som ein offentlig tjenestemann. Kva som meinast med «utdøve myndighet» på vegne av stat eller kommune er ikkje heilt enkelt å avgrense. På den eine sida har vi dei openbare døma på offentlig tjenestemann. Dette er stillingar som politi, lensmann, dommar eller tollar. Desse byr ikkje på noko problem. Det som er meir usikkert er korvidt ein skal også sette takstmenn eller fylkesordføraren i samme bås som politiet. På side 58 i forarbeida står det at definisjonen av offentlig tjenestemann skal bygge på «*Straffelovkommisjonens opprinnelige definisjon av begrepet i utkast til § 17 i en ny straffelov og skal forstås på samme måte*».

I NOU 1992-23³² framgår det mellom anna at ein offentlig tjenestemann er ein som er direkte ansatt i stat eller kommune i ei stilling som av sin natur ikkje kan utførast av private. Det blir då nærliggande å tru at ein offentlig tjenestemann etter a kun er dei personane som har moglegheit for å utføre rettmessig tvang eller makt då det er maktmonopol som er definisjonen på ein stat. I forarbeida til den nye straffeloven³³ blir det sagt at begrepet «tortur» er tilknytt ei viss form for myndigheitsutdøvelse. Vidare framkjem det at kjerneområdet til §117a som blir den nye §174 er å søke hindre offentlig maktmisbruk noko som og forklarar at §117a er plassert i kapittel 11 som omhandlar brotsverk i den offentlige tjeneste.

Kven andre som er å regne som offentlig tjenestemann anna enn personar som nevnt i bokstav a er regulert i bokstav b. Denne er bestemmelsen er i følge forarbeida meint for å «*Fange opp enkelte persongrupper som ikke kan sies å utøve offentlig myndighet, men som har tjeneste eller oppdrag som staten eller kommunen har som et lovpålagt ansvar å sørge for at noen påtar seg og/eller som det offentlige helt eller delvis må betale for*»³⁴. Den generelle ro og orden er ei typisk tjenesteyting som det offentlige skal syta til. Det vil derfor være nærliggande å tru at til dømes ein vektar som er ansatt av det offentlige vil være å regne som ein «offentlig tjenestemann» etter tredje ledd bokstav b.

Derimot framgår det av forarbeida til §117a at personar som bedriv offentlig tjenesteyting vil falle utanfor «offentlig tjenestemann» etter §117a. Det må difor sluttast at det er kun er personar som direkte handlar på vegne av det offentlige som er å ansjå som «offentlig tjenestemann» i denne paragraf. Dette synspunktet bekreftast i forarbeida til den nye straffeloven, kor det framkjem at «*for eksempel omfattes ikke offentlig engasjerte sikkerhetsvakter av straffeloven 1902 §117a. Det kan være grunn til å inkludere alle grupper som utøver makt på vegne av stat eller kommune uavhengig av ansettelsesforhold...*»³⁵. Det vert foreslått å utvide personkretsen som omfattast av vilkåret «offentlig tjenestemann» til å omfatte einkvar som er ansatt for å utføre ei tjeneste eller eit arbeid for det offentlige. Slik bestemmelsen står no vil bestemmelsen kun komme til anvendelse om det er tale om ein som utdøver direkte myndighet på vegne av det offentlige, slik at den ikkje vil treffe andre som er offentlig ansatt. Den nye straffeloven tar sikte på å fange opp alle som er ansatt i det offentlige noko som er ein klar skilnad frå den noverande straffelov. Bestemmelsen skal fortsatt kun treffe personar som opptre på vegne av det offentlige og privatpersonar fell utanfor.

32NOU 1992-23 http://lovdata.no/pro/#document/NOU/forarbeid/nou-1992-23/*

33 Ot.prp.nr 8 2007-2008 punkt 9.18.4

<http://www.regjeringen.no/pages/2023985/PDFS/OTP200720080008000DDDPDFS.pdf>

34 Ot.prp.nr.59 (2003-2004), s. 58<http://lovdata.no/pro/#document/PROP/forarbeid/otprp-59-200304?from=NL/lov/1902-05-22-10/§117a> .

35 Ot.prp.nr 8 2007-2008 punkt 9.18.4

<http://www.regjeringen.no/pages/2023985/PDFS/OTP200720080008000DDDPDFS.pdf>

Av §117a tredje ledd siste setning har ein at «*Det regnes også som tortur at handlinger som nevnt i annet ledd, begås av en person som handler etter oppfordring eller med uttrykkelig eller underforstått samtykke fra en offentlig tjenestemann.*»

Dette leddet er meint for å fange opp personar som ikkje fell under lovens definisjon av offentlig tjenestemann men som begår tortur etter oppfordring eller med samtykke frå ein offentlig tjenestemann. Forarbeida fastsetter klart at det ikkje er snakk om at det må foreligge eksplisitt samtykke frå den offentlige tjenestemann. Det er nok at denne opptrer på ein slik måte at tredjepart skjønner at han samtykker i behandlinga tredjepart påfører eit offer.

Eksempelvis vil være om ein politipatrulje kjem over ein mann som grovt mishandlar ein etnisk minoritet og som ser handlinga og vel å ikkje blande seg inn. Eller det kan tenkast at politipatruljen stoppar opp og aktivt oppfordrar mannen til å mishandle offeret. Det er situasjonar som denne som tredje ledd siste setning søker å fange opp. Bestemmelsen tek sikte på folk som handlar på vegne av eller etter godkjenning av offentlig tjenestemann utan å sjølv være det. Den offentlige tjenestemann kan fortsatt bli holdt ansvarlig for medverknad.

11. Oppsummering.

Emk art. 3 opererer med to alternative vilkår «torture» og «inhuman or degrading treatment or punishment». Om ein ser på artikkelen i si heilheit som ein sirkel vil det førstnevnte vilkåret være i senter medan det andre vil være kring senter. Difor blir situasjonen slik at dersom ein blir utsatt for det førstnevnte vil det naturleg følge at det siste vilkåret også er oppfylt då du havnar innanfor sirkelen og faktisk i midten av han. Om behandlinga blir regna som «inhuman» eller «degrading» vil den fortsatt bli fanga opp i art. 3 då den havnar innanfor sirkelen men den er ikkje «torture» då dette omgrepet kun eksisterar i sentrum.

I vår straffelov opererer man ikkje med eit slik skille. Vår §117a kan best illustrerast med ein stor sirkel med påskrifta tortur. Behandling som i art. 3 hadde falt i utkanten av sirkelen og difor ikkje vært å regne som tortur hadde hos oss vært regna som tortur all den tid skillet mellom desse to vilkåra ikkje eksisterar hos oss.

Det kan i utgangspunktet sjå ut som om §117a kastar eit noko snevrare nett enn kva tilfellet er for Emk. art3 sidan det i §117a er krav om at det må være den offentlige tjenestemannen som utfører handlingane som påfører alvorlig smerte eller skade, eller at han oppfordrar eller samtykker til at tredjemann gjer det. Eit tilsvarande krav kan ein ikkje direkte lese utifrå emk art. 3. Derimot byggjer emk artikkel 3 på fns torturkonvensjons artikkel 1 kor det også framgår at det må være tale om at behandlinga blir begått av, eller med samtykke eller oppfordring frå den offentlige tjenestemann.

Altså er §117a minst like vid som Emk artikkel 3 også kva angår personkretsen som blir søkt truffet.

12. straffriheitsgrunnar.

I utgangspunktet er vernet mot tortur etter §117a ufravikelig, Likt som emk art.3 og torturkonvensjonens art.1. Vernet er absolutt og det er ikkje derogabelt.

Det kan derimot sjå ut som om at det oppstår eit problem når ein trekk straffelovens §47 om nødrett

inn i bildet. Denne seier at «*Ingen kan straffes for Handling, som han har foretaget for at redde nogens Person eller Gods fra en paa anden Maade uafvendelig Fare, naar Omstændighederne berettigede ham til at anse denne som særdeles betydelig i Forhold til den Skade, som ved hans Handling kunde forvoldes.*».

Det som framkjem her er at den som setter seg ut over eit straffebod på grunn av ein nødsituasjon ikkje kan straffast for dette. Eksempelvis om ein har ein bråtebrann som har komt ut av kontroll . Dette er ei klar «fare» både for liv helbred og materielt gods. Om ein etter å ha tømt sitt eige brannsløkningsapparat i eit fåfengt forsøk på å slokke brannen bryter seg inn i naboen sitt hus for å få tilgang på hans apparat er dette ikkje ulovlig. Det utslagsgivande er at det godet ein prøvar å redde må være større enn det ondet straffebodet beskyttar.

Forenkla kan man sei at den interessa som representerar minst samfunnsverdi må vike. Å bryte seg inn hos naboen for å forhindre ein større skogbrann representerar eit mindre onde enn det skogbrannen ville kunne represtere.

For slike tilfeller uttalar Mæland at det vil være «*rasjonelt å la borgerene kunne sette seg utover lov*³⁶».

Nødrett kan nyttast på eitkvart retts gode som har rettsvern både private så vel som offentlige interesser³⁷. Private sitt gods og helbered nyter vern etter denne paragrafen så vel som offentlige interesser som rikets sikkerheit og friheit og eit stabilt og rettferdig rettsvesen.

Ein kan difor ikkje nytte nødrett på kriminelle handlingar som til dømes å brenne ned eit hus for å skjule bevis frå politiet. Dette er handlingar som ikkje nyter noko vern

Faren må dessutan være «uafvendelig». Dette betyr at det ikkje fins alternative måtar å unngå faren på enn å begå den aktuelle straffbare handlinga. Med andre ord kan man ikkje med heimel i stikke fyr i naboen sitt vedlager for å holde varmen berre fordre at man har glømt nøklane. Om alternative lovlige handlingsmåtar eksisterar kan ein ikkje heimle den ulovlige handlinga i nødrett.

Det som kan være fristande å spørre om er om det i visse tilfeller kan nyttast nødrett som straffriheitsgrunn for tortur.

Eit situasjon som kan oppstå er den at staten har tatt i varetekt ein person som det mistenkast at sitter inne med vesentlig informasjon angående lokasjonen av ei bombe som snart skal gå av. Det essensielle er at det er tale om knappheit av tid. Politet har forgjeves freista å få brukbar informasjon ut av den mistenkte ved lovlige midler men er overbevist at den mistenkte er nøkkelen i å finne bomba. Den moralske problemstillinga som reiser seg då er korvidt politiet kan nytte tortur mot den mistenkte for å få ut av vedkomande den livreddande informasjonen.

Ved første augnekast kan det for mange virke for at det å torturere ein person er eit lite offer å gjere framfor at potensielt mange tusen skal omkomme. Særlig om det er garantert over einkvar rimelig tvil at denne sitter inne med informasjon som kan hindre at bomba detonerar I utilitaristisk tankegang eksisterar ei setning om at ein person kan bli ofra på felleskapet sitt alter.

På den andre sida kan politiet risikere at dei ved sin mistanke utsett ein uskuldig person for tortur. Sjølv om dei er heilt overbevist om at denne personen kan sitte på informasjon av nytte er ikkje dette ensbetydande med at han faktisk gjer det. I ein slik situasjon har man utført eit stort onde utan at noko gode vart beskytta.

36 Norsk aminnelig strafferett – Henry John Mæland, 2012, s 149.

37 Tidsskrift for strafferett, nr 4 2011 s 379, Nødrett som heimel for husransaking – Erling Johannes Husabø

Om det å torturere nokon for å få ut opplysningar om ei bombe viser seg å virke så kan dette senke terskelen for å bruke tortur i framtida. Om ein kan oppklare brotsverk raskt og billig utan å måtte gå via den kostbare og tidkrevjande vegen det er å ha ei etterforsking så kan det fort bli fristande frå det offentlige si side å bruke tortur i stadig fleire tilfeller kor det kanskje ikkje står like store samfunnsgoder på spel.

Mange kan nok synes at det å torturere nokon i situasjonar som dette er berettiga.

Det framgår av torturkonvensjonens artikkel 2.2 at «*No exceptional circumstances whatsoever, whether a state of war or a threat or war, internal political instability or any other public emergency, may be invoked as a justification of torture.*».

Artikkelen seier i klartekst at verken krig eller ei anna større krise kan rettferdiggjere bruk av tortur. Når det er valt å nytte begrepet «whasoever» betyr det at for alle tenkelige scenario, også dei kor ein mistenkt beviselig sitt på informasjon om ei bombe er det uaktuelt å fravike forbodet mot tortur. Altså kan ein ikkje nytte nødrettsbetraktningar etter fns torturkonvensjons art.1 som straffriheitsgrunn.

Likt synspunkt framgår av Emk artikkel 15.2 kor det heiter at «*No derogation from [...]Articles 3, [...]shall be made under this provision*».

Det framkjem i Ireland v Uk at «*Article 3 (art. 3) makes no provision for exceptions and, under Article 15 para. 2 (art. 15-2), there can be no derogation therefrom even in the event of a public emergency threatening the life of the nation.*» .

I Soering V Uk³⁸ av 1989 framkjem same synspunkt i at det blir sagt at «*Article 3 (art. 3) makes no provision for exceptions and no derogation from it is permissible under Article 15 (art. 15) in time of war or other national emergency. This absolute prohibition of torture and of inhuman or degrading treatment or punishment under the terms of the Convention shows that Article 3 (art. 3) enshrines one of the fundamental values of the democratic societies ...*»

Begge desse sakene viser at forbodet mot tortur også etter Emk artikkel 3 er absolutt forbode og at det ikkje eksisterar nokon situasjone kor det å torturere er ansett som retmessig.

Den europeiske menneskerettskonvensjon har i norsk rett rang like under grunnloven. Det vil sei at den ved motstøt går foran andre regalar av lågare rang. Straffeloven har lågare rang og då tortur er absolutt forbode uavhengig av situasjon etter Emk artikkel 3 så viser dette klart at ein ikkje kan heimle straffriheit for tortur i nødrett etter straffeloven.

13. konklusjon.

Den norske straffelov §117a vart innkorporert i straffeloven i 2004 som eit tilsvaer på kritikken frå Fns torturkomisjon om at vi ikkje hadde eit straffebod som tilsvarte ordlyden i Fns torturkonvensjon artikkel 1.

Ordlyden i §117a tilsvaerar i det hovudsakelige ordlyden i torturkonvensjonens art1 og

38 Soering V Uk, 1989 punkt 88. [http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-57619#{"itemid":\["001-57619"\]}](http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-57619#{)

hovudforskjellen er at man i den norske loven har valgt omgrepet «forsett» framfor «formål». Dette var for å sikre samanheng i lovverket då omgrepet «forsett» er det som er gjennomgåande brukt.

Denne gjennomgangen viser at §117a til dels har ei vidare ramme for kva den regnar som tortur kontra både torturkonvensjonens artikkel 1. og Emk artikkel 3. Medan desse opererar med dei alternative vilkåra tortur og nedverdiggande eller umenneskelig behandling så har vi i norsk rett kun det eine vilkåret tortur. Dette betyr ikkje at den norske §117a direkte er vidare enn desse to bestemmelsane. et viser berre at mangelen på eit alternativt vilkår gjer at behandling som etter desse ville falt utanfor begrepet tortur hos oss ville falle innanfor.

Altså er §117a minst like vid som Emk artikkel 3 sidan all behandling som blir fanga opp etter Emk Artikkel 3 sine to alternative vilkår, også vil bli fanga opp av straffelovens §117 og vil bli å regne som tortur. Handlingane er dei same det er berre at vi har valt fellesbetegnelsen «tortur» for å merke både nedverdiggande behandling og direkte tortur.

14. Litteraturliste

Human rights watch: The Road to Abu Ghraib, Reed Brody, Juni 2004,
<http://www.hrw.org/sites/default/files/reports/usa0604.pdf>

Amnesty international sitt årlige faktaskjema om brotsverk mot menneskeheita, 2013,
http://files.amnesty.org/air13/fnf_air_2013_en.pdf

Convention against torture and other cruel inhuman or degrading treatment or punishment ,1987
(Fns torturkonvensjon), 1984,
<http://www.ohchr.org/EN/ProfessionalInterest/Pages/CAT.aspx>

Spesiell strafferett og formuesforbrytelsene- Johs. Andenæs, 2008

Rettstat og menneskerettigheter- Jørgen Aall, 2004

Norsk aminnelig strafferett – Henry John Mæland, 2012

Tidsskrift for strafferett, nr 4 2011 s 379, Nødrett som heimel for husransaking – Erling Johannes Husabø

Magnus Matningdal sine lovkommentarar til straffeloven, rettsdata.no.
<http://abo.rettsdata.no/browse.aspx?grid=52203&subdocumentid=0009&sDest=gL19020522z2D10z2EzA7117A>

Hitchens, Christopher (August 2008) Believe Me, It's Torture Vanity Fair.
<http://www.vanityfair.com/politics/features/2008/08/hitchens200808>

Layijov v. Azerbaijan, 2014.
[http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/Pages/search.aspx#{"fulltext":\["beating"\],"documentcollectionid2":\["GRANDCHAMBER","CHAMBER"\],"itemid":\["001-142306"\]}](http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/Pages/search.aspx#{)

Uk v. Ireland, 1978.

[http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-57506#{"itemid":\["001-57506"\]}](http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-57506#{),

Selmouni V. France 1999.

[http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-58287#{"itemid":\["001-58287"\]}](http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-58287#{)

Soering V Uk, 1989.

[http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-57619#{"itemid":\["001-57619"\]}](http://hudoc.echr.coe.int/sites/eng/pages/search.aspx?i=001-57619#{)

Ot.prp.nr.59 (2003-2004)

[http://abo.retsdata.no/browse.aspx?
grid=1059&subdocumentid=0000&sDest=gOTPRP2003z2F04z2D059z5F3z5F1794](http://abo.retsdata.no/browse.aspx?grid=1059&subdocumentid=0000&sDest=gOTPRP2003z2F04z2D059z5F3z5F1794)

NOU 1992-23

<http://lovdata.no/pro/#document/NOU/forarbeid/nou-1992-23/>*

Ot.prp.nr 8 2007-2008

<http://www.regjeringen.no/pages/2023985/PDFS/OTP200720080008000DDDPDFS.pdf>